



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Laila Pedersen Kaland, 5557 2373

Vår dato
08.05.2017
Dykkar dato
02.05.2017

Vår referanse
2016/7352 421.3
Dykkar referanse
15/2613

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Meland - gnr 54 bnr 1 - Bringeneset - naust m.m. - klage

Vi viser til oversending frå kommunen med frist til 23.05.2017 for å klage.

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-formål og formålet bruk og vern av sjø og vassdrag i arealdel av kommuneplanen for tilkomstveg til naust og flytebrygge, samt parkering på gnr 54 bnr 1. Det er også gitt dispensasjon frå arealformålet flytebrygger/fellesanlegg for utfylling i sjø og plassering av naust innanfor dette arealet.

Eigedomen ligg også innafør bygge- og deleforbodssona ved sjø i plan- og bygningslova (pbl) § 1-8, slik at tiltaket også er avhengig av dispensasjon frå denne føresegna.

Fylkesmannen i Hordaland klagar med dette på Meland kommune sitt vedtak av 25.04.2017, sak 44/2017.

Grunngjeving

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak planføresegnene og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesett. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. pbl § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommune- og reguleringsplanlegging, jf. Ot.prp. 32 (2007-08) s. 242.

Kommunen vurderer med tilvising til punkt 1.6.8 at tiltaket ikkje krev dispensasjon frå byggegrense mot sjø (tilkomst, båtopptrekk, parkering). Denne føresegna opnar for at ein kan byggje båtopptrekk, lagringsplass, parkering o.l. på land i tilknytning til småbåthamn. Fylkesmannen deler ikkje kommunen si vurdering av at tiltaket ikkje krev dispensasjon frå byggegrense mot sjø, då føresegn til arealdelen pkt. 1.6.8 gjeld i tilknytning til område for småbåthamn som ikkje er formålet i dette området. Vidare skal båtoppdrag, parkering m.m. skje dels ved hjelp av utfylling i sjø og vert såleis ikkje ført opp på land slik denne føresegna føreset. Det gjer at tilkomstveg, parkering m.m. også er avhengig av dispensasjon frå byggeforbodet i pbl § 1-8.

Fylkesmannen rådde frå dispensasjon i brev av 21.06.2016. Tiltaket var då noko meir omfattande enn kva som no er tilfelle. Det går fram av pbl § 19-2 fjerde ledd at kommunen ikkje bør dispensere der statlege og regionale styresmakter har uttalt seg negativt til søknaden. Fylkesmannen viser til uttalen som grunnlag for klaga:

Det er naudsynt med dispensasjon frå LNF-formålet og for pbl. § 1-8 for å realisere behov for veg og parkering. Tiltaket legg også opp til ei omfattande utfylling i sjø for veg, parkering og naust. Slik Fylkesmannen ser det er det problemstillingar knytt til landskap ved ein slik utfylling og problemstillingar knytt til dyrka mark ved val av andre løysingar. Naturmangfaldet må også vurderast grundig ved utfylling i sjø. Fylkesmannen meiner at det er behov for ein plan i denne saka, framfor å gje dispensasjon frå plankravet.

Kommuneplanen opnar for tre naust i området, men planen legg ikkje opp til at ein skal ha tilkomstveg eller parkering i strandsona. Det er heller ikkje opna for utfylling i sjø. Tiltaket er omfattande med tre meter brei veg heilt fram til eksisterande naust, parkering, opphal og utfylling til naust. Tiltaket vil øydeleggje gjenverande strandonekvalitetar og endra landskapet totalt. Framfor å gjere tiltaket i heile strandsona på gnr 54 bnr 1 bør ein søke å samle inngrepa ved eksisterande naust, og unngå veg og parkering i strandsona.

Fylkesmannen si vurdering er etter dette at omsyna bak arealdelen av kommuneplanen og pbl § 1-8 vert vesentleg tilsidesette dersom det vert gitt dispensasjon som omsøkt, jf. pbl § 19-2 andre ledd første setning.

I tillegg kan Fylkesmannen heller ikkje sjå at det ligg føre ei overvekt av grunnar for ein dispensasjon i denne saka, jf. pbl § 19-2 andre ledd andre setning. Lova sine vilkår for dispensasjon er då ikkje oppfylte. Fylkesmannen finn difor å måtte klage på Meland kommune sitt vedtak av 25.04.2017, sak 44/2017.

Vi ber om at vedtaket vert gjort om slik at det ikkje vert gitt dispensasjon som omsøkt.

Fylkesmannen ber vidare om at vedtaket vert gitt utsett iverksetjing til dess klagesaka er avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Dersom klaga ikkje vert tatt til følge, skal saka sendast Fylkesmannen i Hordaland. Fylkesmannen vil deretter sende saka til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for oppnemning av setjefylkesmann.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Egil Hauge
fagdirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.